



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Onsdag 11. januar 2023 kl. 20:00
Stad:	Digitalt
Tilstades:	Marius Johannessen, Karl Andreas Karlsen, Øyvind Gulliksen, Magnus M. Aronsen, Anna Tveit (vara), Jakob Løve Rud (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Andrea Maud Mjønes (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Visekretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 01/2023	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 02/2023	Godkjenning av referat frå styremøte 15. desember 2022
RK-sak 03/2023	Rekneskapsrapport sept.-des. 2022
RK-sak 04/2023	Rekneskap for 2022
RK-sak 05/2023	Budsjett for 2023
RK-sak 06/2023	Forslag frå valkomiteen
RK-sak 07/2023	Årsmøtesak om Hedleitun

Eventuelt

RK-sak 01/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknadar.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 02/2023: Godkjenning av referat frå styremøte 15. desember 2022

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 15. desember 2022 vert godkjent.

RK-sak 03/2023: Rekneskapsrapport sept.-des. 2022

Ingen merknadar

VEDTAK: Kretsstyret tek rekneskapsrapporten til orientering.

RK-sak 04/2023: Rekneskap for 2022

Ingen merknadar

VEDTAK: Rekneskap for 2022 vert godkjent.

RK-sak 05/2023: Budsjett for 2023

Kretsstyret gjekk gjennom budsjettet og har følgande endringsforslag:

- Sette inn inntekter for årsmøte? 3230 Samme sum som tidligare (6000kr)
- 3470 tilskudd Rogaland - auke til 30 000kr
- 3480 tilskudd Vestland - minke til 50 000kr
- 3600 leigeinntekter - dele i to
 - Lier: 5000kr
 - Hedleitun: 20 000kr
- 6210 kurs og samlinger – auke frå 20 000 til 15 000
- 6220 kretskonk - auke til 15 000
- 6340 strøm - auke til 25 000
- 6390 kostnad andre lokaler
 - Dele i to, ein til Lier og ein til Hedleitun
 - Lier: 1000
 - Hedleitun: 5000
- 6440 Deltakeravgift NM i speiding - auke til 16 000
- 6430 reisetilskudd NM i speiding - auke til 8000
- 6481 Samlinger for kretsansatte - fjerne
- Slå sammen 6600 6690 til !rep og vedlikehold leirområde! også dele i to
 - Lier: 5000
 - Hedleitun: 200 000 (100 000 allereie øremerka)
- 6680 dugnad – auke til 5000kr
- 7141 reiseutgifter kretssekretær - auke til 5000kr
- 7420 gaver - auke til 6000kr
- 7510 forsikring eiendommer - auke til 16 000
- Fjerne festivalleir, forum og speidartinget

VEDTAK: Endringsforslag vert sendt til kasserar.

RK-sak 06/2023: Forslag frå valkomiteen

Valkomiteen manglar framleis å fylle nokre verv. Dei jobbar vidare med dette og reknar med å fylle verva før sakspapira skal sendast ut.

Kretsstyret har ingen merknadar til dei spurde kandidatane.

Valkomiteen sitt forslag:

- Kretsleiar for 1 år Marius Johannessen (Åkra Speidergruppe).
- Visekretsleiar for 2 år Anna Tveit (Buaspeidarane).
- Styremedlem for 2 år Øyvind Gulliksen (1.Skudeneshavn Speidergruppe).
- Varamedlem for 1 år
- Varamedlem for 1 år Andrea Maud Mjønes (Speidernes beredskapsgruppe).
- Rover representant
- Rover representant vara for 1år Kristian Eriksen (1.Leirvik).
- Valkomité for 1 år Anne Merete Spissøy Sørensen.
Valkomité for 1 år
Valkomité for 1 år
- Revisor for 1 år Nils Himle
- Kasserar og rekneskapsfører for 1 år Espen Fosse
- Hyttevert for 1 år Kristian Økland (Førdespeiderane).
- Hyttevert for 2 år Mikkel Thorkilsen (Førdespeiderane).
- Hyttevert for 3 år Tom Frode Hansen (Skår Speidergruppe).

VEDTAK: Forslaga frå valkomiteen vert godkjent med merknad om at valkomitèen jobbar vidare for å fylle dei siste verva.

RK-sak 07/2023: Årsmøtesak om Hedleitun

På det ekstraordinære kretstinget 12.06.22 vart det bestemt at Ryvarden krets skulle kjøpe ei hytte i Sveio, Hedleitun. Det vart også bestemt at innan neste kretsting skulle ei arbeidsgruppe finne ut kva moglegheit me har på hytteområdet, kva som må oppgraderast og fiksast, kva dette vil koste o.l.

Karl Andreas gjekk gjennom resultata som arbeidsgruppa har kome fram til. Det er også henta inn ein tilstandsrapport. Alt dette vert presentert på årsmøtet.

VEDTAK: Årsmøtesak om Hedleitun vert godkjent med merknad om at manglande tal vert fylt inn.

Eventuelt:

- **Endring i prisar Hedleitun**

Kretsstyret ynskjer å justere prisane for leige av Hedleitun slik at det vert billigare for gruppene å leige. Nye prisar vert:

Mindre enn 15 pers: ei natt 800kr, 600kr per ekstra natt.

15 pers eller meir: ei natt 1000kr, 800kr per ekstra natt.

- **Samarbeid med Haugaland KM roverar**

Roverombudet i Haugaland KM har tatt kontakt med kretsen og sagt at dei ynskjer eit tettare samarbeid med roverane i Ryvarden. Me kjem til å dele kvarandre sine arrangement i Facebook-gruppene våre og vere flinkare til å sende invitasjon til kvarandre. Det er også mogleg for roverar i Ryvarden å delta på roverlagsmøter saman med Haugaland KM. Sjå meir info om dette i kretsen si Facebook-gruppe: «leiarar i Ryvarden krets».

- **Oppfordring frå rovertur ang. Roverting**

Kretsstyret har fått ei oppfordring frå roverane som deltok på rovertur på Bømlø i haust. Dei ynskjer at kretsen skal bistå med å arrangere roverting, for å få det opp å gå. Ynskje kom litt for seint til å få arrangert eit roverting i år, men kretsstyret vil ta opp tråden igjen før neste årsmøte.